



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Delegert vedtak

Bjarne Bråteit  
Øvre-Dalane 18  
4230 SAND

Arkivsaksnr: 2021/6135-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 28.06.2021

| Utvalg                                      | Utvalgssak | Møtedato |
|---|------------|----------|
| Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg | 76/21      |          |
| Verneområdestyret for SVR                   |            |          |

## ELEGASJONSSAK RO 37/2021

### **Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Brudlebu i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 56/1, Suldal kommune – Bjarne Bråteit**

Viser til søknad datert 24.06.2021 om dispensasjon til helikoptertransport av ved og utstyr til Brudlebu i Dyraheio landskapsvernområde.

Forvalningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiene har etter delegert mynde fatta det dette vedtaket 28.06.2021.

Med vennleg helsing

Alf Odden  
Verneområdeforvaltar SVR

*Brevet er godkjent elektronisk og sendast utan underskrift*

*Kopi  
Suldal kommune, Statsforvalteren i Rogaland*



## Vedtak


I medhald av kapittel III og kapittel IV , punkt 3. 1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Bjarne Bråteit dispensasjon til å bruke helikopter til transport av ved og utstyr til jakt og sankehytta Brudlebu i Dyraheio landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for inntil 2 transportar for tidsrommet 01-31.07.2021.

Transportane skal bruke landingspunktet på kartet i vedtaket.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Flyginga mellom landingspunktene skal skje etter kortaste rute.
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunktene.
- Om det blir observert villrein nær landingspunktene skal transportane avventast til faren for forstyrring er over.



## Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL eller på e-post til [sfaqpost@statsforvalteren.no](mailto:sfaqpost@statsforvalteren.no). Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplystast når brevet kom fram.

## Bakgrunn for søknaden

Syner til søknad datert 24.06.2021.

Bjarne Bråteit søker om dispensasjon til helikoptertransport av ved og utstyr til jakt og sankehytta Brudlebu i Dyraheio landskapsvernområde. I følgje søkar vil transportane bli gjennomført 17.07.2021.



Flygeruta frå Mostøl til Brudlebu er på 5.5 km og nesten heile ruta går gjennom verneområde.

#### **Formell bakgrunn for vurdering og vedtak**

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

#### **Heimelsgrunnlag**

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at "*Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa*".

Motorferdsle i verneområdet blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel kapittel IV, punkt 3.1. Her heiter det at "*Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode*". Vidare heiter det at "*Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan likevel gi løyve til motorferdsel i særskilde høve*".

Omsøkte tiltak kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 3.1 i verneføreskrifta, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 3.1 for å kunne gjennomførast.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Vormedalsheia landskapsvernområde. Arbeidsutvalet har i AU sak 11/2013, delegert avgjerdsslemynde for dispensasjonssøknadar om ferdsle etter verneføreskriftene til verneområdeforvaltarane.

#### **Vurdering**

##### **Naturmangfaldlova**

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Forvalningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

##### ***Innverknad på verneverdiar og verneføremål***

Den omsøkte landingsplassen ved Brudlebu ligg om lag 1090 moh i eit ope og storkupert heislandskap. Vegetasjonen består i hovudsak av lite næringskrevjande grasartar og lyngartar. Det er og mykje bart fjell i området.

Denne delen av Dyraheio blir nær årvisst brukt av villreinen store delar av året. Dette dreier seg både om fostringsflokkar og flokkar med bukk. Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at fire av dei åtte simlene som har nytta nordområdet har vore i det aktuelle området den tida dei hadde sendar (2007-2011). Nyare GPS plott (2011-2018) frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) viser framleis ein regelmessig bruk av desse områda. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert fleire villreintrekk nær Brudlebu som indikerer ein større trekkveg i dalføret mellom Brudle og Krokavatnet.



Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Her er det ikke registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikke registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikke komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Det er ikke registrert kulturminne i nærliken som kan ta skade av den omsøkte motorferdsla.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvalningsstyretemakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er ikke andre tekniske installasjoner i området enn jordhytta Brudlebu. Det går ikke merka stiar i området, men det går ei kvista skiløype her om vinteren. Ferdelsen i området er svært låg. Det er ikke gitt andre dispensasjoner til helikoptertransport i området så langt i 2021.

Den samla belastning av økosystemet i området må derfor karakteriserast som liten. Etter forvalningssekretariatet si vurdering vil helikoptertransportane det er søkt om, ha eit såpass avgrensa omfang at dei berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i området.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheten bruk av helikopter som det beste alternativet. §11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

#### *Konklusjon*

Motorferdsla det er søkt om vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiene i Dyraheio landskapsvernområde og kjem ikke i konflikt med verneføremålet.